

- Fire savnede sjøfolk i Nordsjøen antas å ha omkommet

[Nyheter →](#)

Her skal du kunne handle alkohol utan tilsette til stades

Joker Hjelldalen, Buda AS, er i prosess med å etablere delvis sjølvbetjent butikk. Løysinga reiser derimot spørsmål kring sal av alkohol.



Buda Hjelldalen er i prosess med å bli delvis sjølvbetjent butikk, ved hjelp av teknologiske løysingar. Eit spørsmål er derimot korleis ein sikrar at sal av alkohol føregår etter forskriftene. **FOTO:** THOMAS THAULE

Roy Aron Myklebust, Fjordingen

Oppdatert: 4 timer siden

RMA-teknologien (Retail Multi Automation) er utvikla i Norge av selskapet Mat Norge AS. Teknologien mogglegjer å drifte, styre og overvake butikken digitalt utanom fysisk betjent opningstid. Dette i eit samspel mellom teknologiske løysingar og den som styrer butikken digitalt.

- Den er så langt innført i fleire av Norgesgruppen sine butikkar med gode erfaringar i høve økonomisk effekt, driftssikkerheit og sikker handel. På landsbasis er det no ca. 50 butikkar som nyttar identisk løysning med RMA-teknologi, kjem det fram av saksutgreiinga til Utval for helse og sosial, som skal handsame søknaden om salsløyve alkohol ved endra driftsmodell.

Planen er at butikken i Hjelledalen skal vere fysisk betjent i tidsrommet 9-20 i høgsesong, medan den skal vere digitalt betjent frå klokka 20-24. I lågesesong vil sjølvbetjent tid vere utvida til også å gjelde før klokka 20.

Salstid for alkohol er 08 -20 på kvardagar, og 08 –18 på dagar før søndag- og heilagdagar.

Kamera og fjernlåsing

Men eit spørsmål som reiser seg er korleis ein sikrar at sal av alkohol går rett føre seg i tidsrom med digital betjening.

I følgje søkeren, Joker Hjelledalen, kan personen som styrer butikken ved hjelp av RMA-Butikkstyring enkelt sjå og snakke med kunde, og enkelt gripe inn og stoppe sal av alkohol. Til dømes dersom kunde er synleg påverka av alkohol eller er under 18 år. Det vert her synt til at ein kan sjekke alder ved hjelp av kamera. Personen som styrer butikken digitalt kan ta kontakt med kunde via høgtalar eller telefon i kasse, og kunde kan bli bedt om å halde bevis framfor kamera.

Butikken vil også vere utsyrt med overvaking fleire stader, som ved inngangsdør og framfor alkoholskåp. Skåp for alkohol skal også kunne fjernlåsast.



Karoline Hatledal og dagleg leiar Gunn Sørum ved Joker Hjelledalen. Her frå Handle lokalt-dagen i fjor.
Foto: ROY ARON B. MYKLEBUST

Prøveperiode

– Etter å ha vore i dialog med kommunar som har gjort vedtak i liknande søknader går det fram at den tekniske løysinga gjer at ein kan observere kunden i ulike fasar av kjøpsprosessen og gripe inn om naudsynt. Heile butikken er overvaka med kamera. Ein veit til ei kvar tid kven som er i butikken og ein har oversikt absolutt heile tida kunden oppheld seg der, skriv sakshandsamar i si vurdering, og syner til at fleire butikkar i Vestland fylke har fått innvilga salsløyve for alkohol gruppe 1 i ein prøveperiode.

Det kjem fram at det er opp til kommunen sitt frie skjønn å vurdere om løyve til sal av alkohol i delvis sjølvbetjent butikk bør gjevast.

– Denne tilgangen er svært vid, så lenge avgjersla er gjort på sakleg grunnlag (alkohollova § 1- 7a).

Tilrådinga frå kommunedirektøren er at ein innvilgar løyve for sal av alkohol, gruppe 1, ved bruk av RMA-teknologi. Dette for ein prøveperiode fram til 30. september 2024. Ordninga skal då evaluerast.

Saka skal opp i Utval helse og sosial denne veka og i kommunestyret i november.

Artikkelen ble først publisert av [Fjordingen](#).

Publisert: tirsdag 24. oktober 2023 kl. 14:14

Oppdatert: 4 timer siden



UTFORSK TEMA:

[ALKOHOL](#)

[BUTIKK](#)

[TEKNOLOGI](#)

[NORGESGRUPPEN](#)

Nyheter